



Lindås Brygge
c/o LB Bevertning AS Hallane 30A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/28 - 17/28821

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
04.10.2017

Ber om tilbakemelding drift av utskiljaranlegg ved Lindås Brygge Innkalling til møte/tilsyn

Teknisk drift har i brev, datert 21.02.2017, etterlyst årsrapport for anlegg ved Lindås Brygge. Etter at vi tok kontakt med Norva 24 har vi motteke to tømmerapportar for anlegg i 2016. Norva 24 kunne opplyse at dei ikkje har utført alle tømningane som er pålagt i løyve til å kople anlegg på kommunalt leidningsnett. Dei har heller ikkje utført pålagt temperaturlogging av anlegg. På bakgrunn av dette har dei ikkje sendt inn årsrapport for anlegg.

I løyve til å knytte utskiljaranlegg på kommunalt leidningsnett vert det sett krav om 4 tømningar og 4 temperaturlogger per år. Teknisk drift har sett krav ut i frå plassering av og størrelse på anlegg. Grunna høg vasstand har det ikkje vore muleg å få plassert anlegg under bakkenivå. Det har heller ikkje vore tilstrekkeleg areal til å kunne installere større anlegg for å kompensere for ytre påvirkning. Temperatur i luft, spesielt sommarhalvår, gjer at anlegg ikkje får nødvendig avkjøling. I løyve er det sett krav om logging av temperatur før kvar tømning. Logginga vil gje indikasjon på om anlegg fungerer slik det skal og om anlegg stettar krav til fettinnhald i avløpsvatn.

Teknisk drift har, per i dag, ikkje mottek melding om driftsstans. Dersom ei bedrift skal ha driftsstans må melding om dette sendast inn til kommunen i god tid før anlegg vert teke ut av drift. Kommunen må ha melding om driftsstans for å kunne gje fritak for pålagt tømning/logging av temperatur og/eller fritak for innsending av årsrapport.

Teknisk drift ber om skriftleg tilbakemelding om status ved Lindås Brygge. Frist for tilbakemelding vert sett til 19.10.2017.

Tilsyn

Teknisk drift kaller nå inn til møte/tilsyn: **Fredag 20.10.2017 kl. 14.00** på Rådhuset i Knarvik.

På dette møte vil vi ha ei kort gjennomgang av bedriften sine rutiner rundt drift, vedlikehald og rapportering av anlegg. Dersom bedriften har utarbeida interne rutiner for anlegg ber vi Dykk om å ta med ei kopi av dette.

Med helsing



Arne helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Consensus Holding AS

c/o Ole Moen AS 5954
Litlåsvegen 4

MONGSTAD

Mottakarar:

Lindås Brygge

c/o LB Bevertning 5955
AS Hallane 30A

LINDÅS